



Statens vegvesen

firmapost-vest@vegvesen.no

Synspunkt, innspel til planprogram og relevante opplysningar til Statens vegvesen PlanID NO201703

Vaksdal Næringssselskap AS (VNS) sitt mandat frå Vaksdal kommune er «å utvikla eksisterande verksemdar og ressursar samt skapa ny verksemd», på eit ikkje-kommersielt grunnlag. Tida for å sjå tettstadene Vaksdal og Stanghelle i lys av komande innovasjonar og nyskapingar er no, og det må ha eit berekraftperspektiv. Transformasjonen, med ny E16/Vossabane Arna-Stanghelle, er i realiteten omstilling og nyskaping. Korridoren vil vera ekspansjonsområde for Bergen, og mogleg område for næringsomstilling for Vestlandet, som har ein stor finansiell risiko i si mest innbringande næring: store svingingar i petroleumsindustrien. Ut frå eit berekraftperspektiv og klimamål, der Noreg er forplikta til å redusera klimagassutsleppa med 40% i 2030 frå nivået i 1990, vil kapasitet for kollektivtrafikk vera det einaste avgrensande for vekst på Vaksdal og Stanghelle. Kapasitet på dobbeltspor jernbane er tilsvarende 10-12 vegfelt. Desse infrastrukturiltaka må ha tanken om at fyrst må ein bygga ut kapasitet, og så må veksten koma. Ein motsatt rekkefølge av korleis spesielt vegar vert bygd ut i dag, med byspreiing som resultat. Ved ferdigstilt K5 Arna-Voss, men fyrst Arna-Stanghelle, vil sogningane, 1/3 av innbyggjarane i Sogn og Fjordane, få kortare reisetid til regionsenteret Bergen og vekst mot seg. Dette vil sveise regionen saman. VNS er framoverlent, har ambisjonar for utvikling og ser med glede fram mot kortare reisetid, og ny trygg og modernisert E16 og Vossebane.

Bakgrunn

Realisering av K5, E16/Bergensbanen, Arna-Stanghelle er avgjerande for eksisterande næringsliv og framtidig næringsutvikling i Vaksdal kommune. Alternativet til no-situasjon finst ikkje. I dag er regulariteten på open veg og bane på strekninga låg, og farleg. E16/Bergensbanen er samfunnskritisk infrastruktur for Vaksdal, men òg for Bergensområdet. Trygg og framkomeleg infrastruktur mellom dei største byane og landsdelane i Noreg vil samstundes re-vitalisere tettstadene Vaksdal og Stanghelle og gje stor regional utvikling med moglege større private besøksintensive verksemdar og grøn kraftkrevande digital-industri. Stasjonsbyane vil koma nærare Bergen i reisetid, og få positiv effekt ved eit tettare integrert bustad- og arbeidsmarknad. VNS ser positivt på planprogram og silingsrapport frå Statens Vegvesen for K5, og ynskjer snarleg og parallell realisering av veg og bane.

Dei fire viktigaste tilhøva i planprogram for næringsutvikling for K5 Arna-Stanghelle er:

- trasé-alternativet for E16 gjennom Vaksdal blir via Tolåsen, VC15/JC2
- jernbanestasjon på Stanghelle vert realisert
- minst moglege barrierar med mest mogleg avdemping av infrastrukturen på Vaksdal og Stanghelle
- føreseieleg framdrift for private investeringar

Areal kring stasjonsområda på Vaksdal og Stanghelle er dei viktigaste for næring- og bustadutvikling for planprogram med K5. Infrastruktur på dobbeltspor jernbane er like kapasitetskraftig som 10-12 vegfelt, og er i tillegg berekraftig ved å vere fossilfri. Skal denne dyre infrastrukturen utnyttast best mogleg må det leggest opp til god arealutnytting kring jernbanestasjonane. Dette er spesielt viktig for å avlaste komande trafikkvekst i Bergen med kollektivtrafikk, og dobbeltspor. Bergensområdet må vekse innanfrå og ut. Ferdigstilt dobbeltspor til Arna vil få avgang kvart 15. minutt, til og frå Bergen, og vil påverke utviklinga på Vaksdal og Stanghelle. Topografien og K5 gjev konkurranseforhold mellom personbil og tog på strekninga blir spesielt god for kollektivtrafikk. Tog til Bergen sentrum vil ta 16 minutt til Vaksdal, og personbil vil ta 38 minutt på same strekninga.

Dobbeltspor for jernbane mellom Bergen og Voss må samanliknast med det som er omtala som Intercity på sentrale austlandsområdet. Bystyret i Oslo og fylkestinget i Akershus vedtok hausten 2015 «Regional plan for

areal og transport». Stasjonsbyane langs dobbeltsporet skal utviklast som i ein fleirkjeda sentrumsutvikling frå Oslo, også omtala som bybandet. Areal kring stasjonane er definert som «prioriterte vekstområder». Økonomi og prispres på K5 kan ikkje øydelegga for VC15/JC2 Tolåsen-alternativet. Berekraftig arealutvikling på prioriterast, og det må takast utbyggingshensyn for Vaksdal sentrum. Infrastruktur med E16 i sentrum gjev mange barrierar: E16, jernbane, bandlagt område for å bygge ut E16 til 4 felt med stor støy, lokal veg med mykje tungtrafikk, sykkelsti og veg for fotgjengarar. Alt bidreg til avgrensa bruk av sentrum. Samstundes vert nye vegar i Noreg i dag lagt utanfor byar og tettstader for å skåna lokalsamfunn, sånn må det òg vera for Vaksdal.

Det er statleg reguleringsplan for K5 der Kommunal- og moderniseringsdepartementet er øvste mynde. **Det må koma ei avveging der heilskapen for arealutvikling og klima- og miljøpolitikk må få prioritet med samferdslemidlar.**

Dynamikk mellom ulike typar infrastruktur

Historia, og framtida, til Vaksdal kommune handlar om dynamikken som har oppstått i kombinasjon mellom infrastruktur for jernbane og vasskraft. Vaksdal Mølle (1866) var den største mølla i Nord-Europa og er framleis størst i Noreg. Dale Fabrikk (1879) var den største tekstilfabrikken i Noreg, og kom som konsekvens av Vossebanen og Bergsdalselva. Dale of Norway er enno den største strikkefabrikken i Noreg, og har no inngått forretnings samarbeid med franske Rossignol og tilset 15 nye personar i desse dagar.

Trass i nedgang, er industriarbeidsplassar den største næringa i Vaksdal kommune. Talet på industriarbeidsplassar aukar, ikkje berre innan tekstilindustrien, men òg innan etablering av datasenter. Igjen er det vasskraft som er grunnlaget slik det var for 150 år sidan, og Dale er knutepunkt for BKK sin kraftproduksjon. Selskapet Kryptovault har etablert seg i Dale Fabrikk og skal investere 140 millionar for å auke kraftkapasiteten til 100 MW. Selskapet Greenbyte, med BKK, Hordaland fylkeskommune og Invest in Bergen som eigarar, har etablert omgrepet «Data Center Valley Dale» og skal selja datasenter på Dale internasjonalt. No er det «super computers», eller «high performance computing» innan «kryptomining» som driv utviklinga. **Det er svært viktig at ny trasé for Bergensbanen med K5 legg til rette for den kraftigaste internett-fiber som til ei kvar tid er mogleg å oppdrive, og med trekkerøyr for all framtid. Det må vera tilgang på kontaktpunkt på denne fiberen i Vaksdal kommune.** Utviklinga skjer raskt, og det er vanskeleg å føreseie kva dynamikk kombinasjonen ny E16/Vossebane, mykje energi og kraftig internettfiber vil gje lokalt i framtida. Grunnlaget for fleire kompetansesarbeidsplassar vil vera den beste med god digital infrastruktur i kombinasjon med kort reisetid til Bergen sentrum. Det må leggjast til rette for å bygga næringsbygg for kontorarbeidsplassar i nærleiken av stasjonane på Vaksdal og Stanghelle. Dette vil utnytte kollektivkapasiteten frå Bergen sentrum til Vaksdal og Stanghelle. Samstundes som næringsaktivitet gjev lokal identitet og skapar liv.

Datasentrene i Vaksdal kommune er kraftkrevande industri og handsamar store datamengder, sokalla stordata (big data). Stordata er føresetnad for all framtidig digitalisering, for t.d. førarlause bilar der ein ved hjelp av sensor-teknologi og satellittar kan gje saumlaus overgang til tog, eller anna kollektivtrafikk. Bilane vil operere med kunstig intelligens (artificial intelligence), som òg kan utnyttast industrielt lokalt. Dette vert omtala som industri 4.0, eller den fjerde industrielle revolusjon, som òg vil vera avhengig av stordata, og er eit av Noreg og Vaksdal kommune sine komparative fortrinn.

Næringsbygga vil vera såkalla «smarte bygg» som er kopla opp til internett, eller IoT (internet of things). Ved nyutvikling av Stanghelle og Vaksdal vil vatn, avlaup og straumsystema vera kopla til IoT-struktur, og vera «smarte byar», berekraftige stader som nyttar ny teknologi. VNS si rolle er ikkje å sjå på moglege innovasjonar i offentleg sektor. Det mest avgjerande er likevel at dette vert gode stader for alle.

Stanghelle kai/stasjon

På Voss stasjon vil ny gondolbane stå ferdig i 2019 med kapasitet på 1500 personar i timen, og Flåmsbanen har frå 2012 til 2017 hatt ein vekst på 60%, nær 400 000 passasjerar. Om ein reknar Flåmsbanen til Bergensbanen vil det vera to stader for saumlaus overgang for passasjertrafikk frå tog til båt på vestlandsfjord: Flåm og Stanghelle. Det eksisterer infrastruktur med djupvasskai på Stanghelle, og det må leggjast til rette for reiselivsutvikling mot kaien frå stasjonen og fjorden med el-båt. Utvikling av kaien på Stanghelle vil vere berekraftig reiselivsutvikling og utnytte passasjerkapasiteten for dobbeltspora jernbane. Passasjerbåttrafikk på Osterfjorden er òg i stor vekst og er heilårleg. Naturkvalitetane som Vestlandsfjord finst på Stanghelle, og det handlar om setje opp aktivitet og kassaapparata. Eksisterande jernbanetrasé kan nyttast til sykkelveggar, som òg er ei reiseliv-/fritidsnæring i vekst, men sjåast i samanheng med utvikling av nye areal.

Tilstøytande infrastruktur – FV343

Hordaland fylkeskommune har ansvar for FV343. Denne vegen har ikkje ei god løysing slik planen ligg føre no. Vegen er i dag trafikkfarleg, underdimensjonert og dekker ikkje krava for næringstransport til Vaksdal Mølle. Hordaland fylkeskommune må snarleg engasjere seg i korleis den venta trafikkauken, i anleggsfase òg etter realisert K5, best mogleg kan betrast.

Lading for tungtransport

Teknologien for batteri går raskt. Det vil venteleg koma batteri for langtransport på bil. Nok straum og uttak må leggst opp tilstøytande kryssløysinga på Helle/Dalegarden.

Eksisterande næringsliv i anleggsfasen

Framkomeleg infrastruktur er ryggrada for næringslivet i Vaksdal, kvar dag. Det er avgjerande at det i anleggsperioden er framkomelege vegar, og at der er omkøyringsvegar i dei tilfella det ikkje er det.

Regiontogstopp

Vaksdal kommune sin stopp for regiontog Oslo-Bergen må òg i framtida vera Dale.

K5, planfase og realisering Stanghelle-Voss

Den fulle effekten av dobbeltspor og ny E16 Arna-Stanghelle vil ein ikkje få før Stanghelle-Voss er planlagt og realisert. Planlegging av K5 Stanghelle-Voss må koma i gang snarleg. Kommunesenteret Dale er kollektivknutepunktet mellom Voss og Bergen, og sit på store ressursar med t.d. mengder av grøn energi og ein urban bystruktur.

Massehandtering

Massane frå K5 må bidra til å utvikle mest mogleg næringsareal i Vaksdal kommune, og bidra til mest berekraftig utvikling.

Bias

Det er lett å bli stadblind på Vaksdal og Stanghelle og tenkja no-situasjon. Det er heilt avgjerande å ta vekk «brillene» for å kunne sjå kva mogleg utvikling desse stadene har. Dette blir total transformasjon av lokalsamfunna, i realiteten nyskaping og då må ein vere innovativ for framtida. Det har vore sendt to søknader til Noregs forskingsråd og BYFORSK dei to siste åra med K5 som utgangspunkt og VNS som partner. Eine søknaden var frå Noregs Handelshøgskole og den andre var frå Universitetet i Bergen, men ingen nådde opp.

Kompetanse og kreativitet

Vaksdal og Stanghelle er alt i dag knytt til Bergensregionen, ein region som tek mål av seg for å vera den mest innovative i Europa, med felles bustad- og arbeidsmarknad. Vaksdal kommune skårar høgt på Telemarksforskning sin kulturindeks på friviljuge med 42. plass, og 37. plass for kunstnartettleik, av dei 422 kommunane i landet. Det er mange fagleg høgt utdanna og kreative enkeltpersonar som kjem frå kommunen. Alt frå skodespelar Jon Eikemo, redaktør Harald Stanghelle, artist Frida Amundsen, professor Jørn Øyrehagen Sunde, visedekan for Institutt for kunst, musikk og design ved UiB Linda Lien og kunstnar Kurt Johannesen. I Vaksdal er det moglegheitsorienterte enkeltpersonar som i framtida vil dra Bergensregionen i retning av å bli god, kreativ og innovativ.

Informasjonsflyt og moglegheitsanalyse

Statens vegvesen skal ha skryt for å ha ei open tilnærming og bidra til lokal medverknad i fasen til no. VNS ynskjer ein enno tettare dialog med planleggjarane for å kunna sjå kva mogleg lokal utvikling K5 vil gje. Tryggleik og liv og helse er avgjerande, men den samfunnsøkonomiske nytten av K5 og potensialet for omstilling og regional utvikling er for lite utforska. Det er ynskje om å sjå på heile korridoren Bergen-Voss opp mot potensial for berekraftig næringsvekst, innovasjon og omstilling for regionen. Ein mogleg «foresight-analyse», i kombinasjon med planlagt handelsanalyse for Vaksdal kommune og vedtak om prosjekt for reiselivsutvikling i VNS, må inngå i ny strategisk næringsplan for Vaksdal kommune. Sjansen til utvikling av K5 Arna-Stanghelle kjem berre ei gong og arbeidet må ta til no.

Beste helsing

Vidar Skeie (S)

Vaksdal Næringselskap AS